

# Dialogkort vg3

Kapittel 10 Utforsk litteraturen

## Spørsmål

**Kva vil det seie å «utforske» ein tekst?**

## Svar

leite etter det teksten handlar om heilt konkret og på eit djupare plan, ikkje leite etter fasit, kanskje lære noko om seg sjølv òg



# Dialogkort vg3

Kapittel 10 Utforsk litteraturen

## Spørsmål

**Kva fire delar er eg-ser-modellen delt inn i?**

## Svar

menneske, natur, samfunn og verdssyn

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

# Dialogkort vg3

Kapittel 10 Utforsk litteraturen

## Spørsmål

**Kva spørsmål kan du stille til *mennesket* i eg-ser-modellen? Nemn tre ting.**

## Svar

- Kva for handlingsrom hadde mennesket på denne tida?
- Var folk nært knytt til ein bestemt sosial klasse?
- Kor lenge kunne menneska forvente å leve?
- Var det stor forskjell på kva gutter og jenter kunne gjere?
- Kva rettar og plikter hadde folk?



# Dialogkort vg3

Kapittel 10 Utforsk litteraturen

## Spørsmål

**Kva spørsmål kan du stille til *samfunnet* i eg-ser-modellen? Nemn tre ting.**

## Svar

- Bygdesamfunn eller bysamfunn?
- Er det eit demokratisk samfunn eller ei form for diktatur?
- Er det rikt eller fattig?
- Er det fredeleg eller krigsherja?
- Er det eit individorientert eller eit kollektivistisk samfunn?
- Står samfunnet overfor store omveltingar eller endringar?

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

# Dialogkort vg3

## Kapittel 10 Utforsk litteraturen

### Spørsmål

**Kva spørsmål kan det vere lurt å stille til *naturen* i modellen?**

### Svar

- Blir naturen brukt som motiv i teksten?
- Er naturen ein stad der eg-et i teksten finn ro og tilhørsle? Eller er naturen skremmende og fjern?
- Er naturen ei viktig kraft?
- Er språket i teksten prega av symbol henta frå naturen? Finst det ein rytme eller språkleg utforsking som kan overførast til lydar frå naturen (hav, vind, bekk, regn)?



# Dialogkort vg3

## Kapittel 10 Utforsk litteraturen

### Spørsmål

**Kva spørsmål kan du stille når du skal utforske verdssynet i ein tekst?**

### Svar

- Finst det ei gudstru? Ein gud eller fleire?
- Kva forklaringar blir gitt på at verda og mennesket blei skapt (religiøse og/eller vitskaplege)?
- Kva løfte og forhåpningar blir gitt til livet etter døden?
- Kva levereglar eller plikter bør menneska følge?
- Finst det nokon politiske ideologiar som dominerer (sosialdemokrati, liberalism, kommunisme, nazisme, islamisme)?

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

# Dialogkort vg3

Kapittel 10 Utforsk litteraturen

## Spørsmål

**Kva for to litterære tradisjonar vaks fram frå slutten av 1800-talet?**

## Svar

den realistiske og den modernistiske



# Dialogkort vg3

Kapittel 10 Utforsk litteraturen

## Spørsmål

**Nemn minst fire kjenneteikn ved den realistiske tradisjonen.**

## Svar

Tekstane er skrivne i tradisjonelle sjangrar og formspråk. Tekstane skal etterlikne verda slik ho er (mimesis) – ei objektiv, ytre verkelegheit. Tekstane har ofte eit positivt syn på samfunnsendringar.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

# Dialogkort vg3

## Kapittel 10 Utforsk litteraturen

### Spørsmål

**Nemn minst fire kjenneteikn ved den modernistiske tradisjonen.**

### Svar

Tekstane bryt med måten forfattarane skreiv på tidlegare. (Motto: «make it new!»)

Tekstane skal beskrive verda slik ein opplever ho – ei subjektiv, indre verkelegheit.

Forfattarane er negative eller skeptiske til endringar i samfunnet. Dei er framandgjort.



The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.